



Multiconsult

Vår dato:

26.01.2021

Vår ref:

2020/18820

Dykkar dato:

11.12.2020

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Oppstartsmelding - Alver - 127/91 m fl - grøn omstilling av Mongstad - detaljregulering

Vi viser til brev datert 11.12.2020, med melding om oppstart og høyring av planprogram for detaljregulering for Grøn omstilling av Mongstad, gbnr. 127/ 91 mfl., plan-ID 46312020006, i Alver og Austrheim kommune.

Formålet med planarbeidet er å leggja til rette for etablering av energitunnel og oppdrettsanlegg på land. Detaljreguleringa skal avklare og regulere arealbruk for framtidig matfiskproduksjon på land (akvakultur).

I planprogrammet står det at planarbeidet er eit ledd i ambisjonane for å sikre framtidig berekraft kring industrien på Mongstad og vil konkret bidra gjennom etablering av framtidssretta energitunneler som koplar saman dei største industriområda på Mongstad og etablering av oppdrettsanlegg på land med dei nyaste og beste grøne løysingane som finst i dag for oppdrett, inkludert eiga osmoseanlegg for produksjon av ferskvatn, inkludert nytt høgdebasseng, biogass-anlegg for handtering av fiskeslam og klekkeri/smoltanlegg. Eit sentralt prinsipp er at ved å nytta det varme vatnet frå raffineriet, så vil energibehovet til oppdrettsanlegget bli betydeleg redusert. Energibehovet knytt til oppvarming vil bli eliminert.

Statsforvaltaren sine merknader

Planarbeidet er omfattande og det skal utarbeidast ei konsekvensutgreiing. Slik vi forstår det skal konsekvensutgreiinga byggje på konsekvensutgreiinger som allereie er utarbeidde i samband med gjeldande planar i området. Dette tek vi til orientering, men vi presiserer at det òg må vurderast om det finst ny aktuell kunnskap som også må nyttast i konsekvensutgreiinga.

Reguleringsplanen gir dei overordna føringane for området, men drift av anlegget er regulert gjennom konsesjonen og dei løyva som vert gitt i den prosessen. Sjølv om det skal vere ei konsesjonshandsaming i tillegg til reguleringsplanen, er det viktig at reguleringsplanen greier ut alle interesser og omsyn som er viktig for å vurdere om dette er ei god lokalitet for eit landbasert oppdrettsanlegg. Planarbeidet må vise planen sine verknader på miljø og samfunn jf. pbl § 4-2.



Naturmangfald

Statsforvaltaren er særleg oppteke av at verknaden for naturmangfald, både på land og i sjø vert godt nok vurdert jf. naturmangfaldlova §§ 7 og 8-12. Eit større oppdrettsanlegg på land vil føre til eit betydeleg utslepp av næringssalt. Konsekvensutgreiinga må ta for seg kva potensiell påverknad utsleppa kan ha på økosystemet. Det må gjerast berekningar av utsleppa si storleik, samansetning og spreiing.

Lakselus er eit problem i Nordhordland og det er viktig at situasjonen ikkje vert forverra. Sjølv om eit oppdrett på land i prinsippet ikkje skal ha dei sama utfordringane som eit anlegg i sjø med tanke på lakselus, må det vurderast om det er fare for utslepp av lakselus og spreiing av fiskesjukdomar. Det må også vurderast kva verknad dette kan få for villfisk i området. Vidare må risiko for- og avbøtande tiltak for å unngå rømming frå anlegget vurderast og i tilstrekkeleg grad arbeidast inn i planen.

Vi vurderer dette som viktige plantema som ikkje åleine kan skyvast på til handsaming av konsesjonssøknaden.

Strandsone og landskap

Sjølv om området er sett av til næring må ein vurdere strandsoneomsyn i planarbeidet. I statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona av 25.03.2011, kjem det mellom anna fram at:

«Ved utarbeiding av reguleringsplaner som innebærer bygging i strandsonen på arealer som er delvis utbygd, skal ferdselshensyn og landskapstilpasning spesielt vektlegges.»

Statsforvaltaren meiner at særleg landskapsverknad og avbøtande tiltak må vurderast i planen.

Rammer for planarbeidet

I planprogrammet vert rammer for planarbeidet lista opp. Statsforvaltaren meiner at ein må ta med Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø og lakse- og innlandsfisklova i denne lista.

Massehandtering

Planarbeidet må vurdere massebalanse og eventuelt ha ein plan for handtering av overskotsmassar.

For å sikre god framdrift i planprosessane deltar Fylkesmannen gjerne på møte saman med kommunen dersom det er ønskjeleg for å avklara vesentlege regionale og nasjonale interesser tidleg i planarbeidet.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet !

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Statens vegvesen Region vest	Postboks 43	6861	LEIKANGER
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG